



**Norges Vassdrags- Og Energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO**

Vår ref. 17/1187- 4
Jp.id. 18/4549

Saksh. Helga Helleland
Tlf. 53671554

Arkiv
N - 654.2

Dato
16.05.2018

**Fråsegn frå Ullensvang heradsstyre - Søknad om konsesjon etter
vassressurslova - Opedal Ljosverk AS
Dykkar ref. 201708661**

Heradsstyret - 29/2018:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Ullensvang heradsstyre ber om at NVE gir konsesjon etter vassressurslova i vassdraget Opo, på Lofthus i Ullensvang herad.

Generell informasjon om rettleiing, innsyn og klagerett

Rettleiing:

Etter forvaltningslova § 11 har Ullensvang herad plikt til å rettleia og informera deg om kva rettar og plikter du har som part i saka, slik at du kan ivareta interessene dine i saka på ein tenleg måte. Dersom du har spørsmål m.m. til vedtaket som er gjort, kan du ta kontakt med heradet v/sakshandsamar for nærmere opplysninger.

Rett til innsyn i saksdokument:

Som part i saka har du rett til å gjera deg kjend med dokumenta i saka (partsinnsyn) i samsvar med forvaltningslova § 18 og med dei avgrensingar som følger av same paragraf og § 19. Dersom du ønskjer nærmere opplysninger om retten til innsyn i aktuelle dokument i denne saka, kan du ta nærmere kontakt med heradet v/sakshandsamar.

Med helsing
Ullensvang herad

Helga Helleland
Kommunalsjef Teknisk

Kopi til arkiv og kopibok

Ullensvang herad

Sakspapir

SAKSGANG

Styre, utval, del. vedtaksmynde.	Møtedato	Saksnr
Heradsstyret	14.05.2018	29/2018

Saksansv : Helleland, Helga	Arkiv: N - 654.2 Objekt:	J.post id. 18/4357	Arkivsaknr 17/1187 - 3
------------------------------------	---	------------------------------	----------------------------------

Fråsegn - Søknad om konsesjon etter vassressurslova - Opedal Ljosverk AS

Endeleg vedtak i:

Heradsstyret

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Vassressurslova § 8, kap 3 og 5. (Lov om vassdrag og grunnvann LOV-2000-11-24-82)
Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag (FOR-1994-11-10-1001)

Saksutgreiing:

Opedal ljosverk har 28. februar 2018 søkt Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) om konsesjon for å bygga kraftverk i Opo på Lofthus. NVE har sendt søknaden ut til offentleg ettersyn og uttale, med høyringsfrist 20. mai 2018. Søknaden er å finna i sin heilskap på www.nve.no/konsesjonssaker.

Søkjar ynskjer å nytta eit fall på 74 meter, frå kote 187 til kote 113. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,99 MW og etter planane gje ein årleg produksjon på 5,5 GWh. Det er planlagt minstevassføring på 1400 l/s frå 1. mai til 30. september, og 140 l/s frå 1. oktober til 30. april.

Inntaket er planlagt i dam, der dammen skal erstatta brua til turstien i Elvadalen. Røyra skal gå i grøft langs elva, til kraftstasjon som er planlagt omlag 800 meter lengre ned langs elva. Kraftstasjonen vert då omlag 400 meter oppstraums for barnehagen, på sørsida av elva.

Vassdraget er verna i «Verneplan I for vassdrag» (1973), sjå (www.nve.no/vann-vassdrag-og-miljo/verneplan-for-vassdrag/hordaland/049-1-opo/). Vassdraget er vist som verna vassdrag i kommuneplanen, jf. § 6.3 i føresegna: «For verna vassdrag utafor kystsoneplan er byggegrensa 50 meter, viss ikkje anna er bestemt i reguleringsplan.»

Økonomiske konsekvensar:

Mogleg noko auka skatteinntekter til Ullensvang herad i bygge- og driftsfasen. Auka inntekter til grunneigarane. Moglegvis auka aktivitet i anleggsbransjen.

Administrative konsekvensar:

Vurdert som ikkje relevant for saka.

Miljømessige konsekvensar:

Det er funne ein raudlista lavart; skorpefiltlav. Den er funnen på nordsida av elva og vert slik ikkje direkte berørt av tiltaket. Skorpefiltlav er ikkje gitt «*å ha preferanse for særlig våte eller fuktpåvirkede områder, ...*» (vedlegg til søknad «Biologisk mangfold i tilknyting til Opo» s. 20), og vil soleis truleg ha lite indirekte påverknad av tiltaket.

I «Biologisk mangfold i tilknyting til Opo» er oppsummering av konsekvensar for naturmangfaldet elles liten til middels negativ.

Vurdering:

Opo er eit verna vassdrag. Vernegrunnlaget er «urørhet». Verneføremålet er og synleggjort i kommuneplanen, og ei utbygging er ikkje i samsvar med kommuneplanen. Traseen er eit viktig område for friluftslivet på Lofthus, då det er tursti i det planlagde utbyggingsområdet. Stien er mykje nytt av både lokale innbyggjarar og tilreisande. Ei utbygging, sjølv om ho vert gjort på ein skånsom måte, vil gje vassdraget og området eit større preg av menneskeleg inngrep.

Rådmannen sitt framlegg:

Ullensvang heradsstyre ynskjer ikkje at det vert gjeve konsesjon etter vassressurslova i vassdraget Opo, på Lofthus i Ullensvang herad.

Uttalen er grunngjeve med at vassdraget er verna i «verneplan I for vassdrag (1973)» og at det ikkje er opna for vasskraftutbygging i dette vassdraget i kommuneplanen for Ullensvang herad.

14.05.2018 Heradsstyret

Framlegg frå Jørund Kvestad (SP):

"Ullensvang heradsstyre ber om at NVE gir konsesjon etter vassressurslova i vassdraget Opo, på Lofthus i Ullensvang herad."

Ordføraren stilte spørsmål ved eigen gildskap i saka. Varamedlem var ikkje innkalla. Samson Hamre (SP) vart nemnd opp som setjeordførar.

Røysting:

Ordføraren vart røysta habil i saka med 20 røyster.

Røysting:

Framleggget frå Jørund Kvestad (SP) vart vedteke med 13 mot 8 røyster, mindretallet røysta for rådmannen sitt framlegg

HST- 29/2018 Vedtak:

Ullensvang heradsstyre ber om at NVE gir konsesjon etter vassressurslova i vassdraget Opo, på Lofthus i Ullensvang herad.